

 <b>HELSE BERGEN</b> <small>Haukeland universitetssjukehus</small>	<h2>Kondylom (kjønnsvorter)</h2>	
Kategori: Forskning, inovasjon og utdanning/Opplæring av pasienter og pårørende	Gyldig fra/til: 07.11.2022/07.11.2024	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 3.00	
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	<a href="#">Informasjon</a>	
Dok. ansvarlig: Turid Thune	Dok.id: D43649	

### Kva er kondylom?

Kondylom/kjønnsvorter er synlege vorter på kjønnsorgana og/eller rundt endetarmsopninga. Kondyloma kan ha ulik utsjånad og vere frå få mm til cm store. Nokre er spisse, andre blomkålliknande eller heilt flate.

### Kva er årsaka?

Alle typar kjønnsvorter skuldast infeksjon med *humant papillomavirus (HPV)*. Det er påvist fleire titals typar vortevirus. 20-30 av desse virusartane kan vere årsak til kjønnsvorter og blir kalla kondylomvirus. Dei vanlegaste virustypene er HPV 6 og 11. Virusar blir overførde ved intim/sekseuell kontakt med ein person som er berar av virus. HPV ligg i det ytste laget av hud og slimhinner. Kondylomvirus stimulerer hudcellene til auka vekst slik at det oppstår vorter.

### Kan eg ha kondylomvirus i kroppen utan å vite om det?

Kondylomvirus kan finnast i underlivet utan at det blir synlege vorter eller andre plager. Sekseuell aktive kvinner og menn i alle aldrar kan ha kondylomvirus, men det er vanlegast før 25-årsalderen. Dei fleste blir smitta med kondylomvirus relativt kort tid etter at dei har blitt sekseuell aktive. Ein er då mest mottakeleg fordi ein ikkje har opparbeidd motstandsstoff mot denne typen virus.

### Kor vanleg er det?

Det er svært vanleg å ha kondylomvirus i underlivet. Om lag 1/3 av "yngre menneske" har virus i underlivet til ei kvar tid. I løpet av livet reknar ein med at bortimot 75 % har vore smitta med viruset. Infeksjonen er like vanleg både hos kvinner og menn. Dei fleste veit ikkje om at dei har eller har hatt denne typen virus i kroppen. Kondylomvirus smittar sjølv om ein ikkje har synlege vorter. Sidan mange unge har fått vaksine mot HPV, er det nok færre som har virusa no enn det var tidlegare.

### Går det an å finne ut når eg vart smitta?

Frå ein blir smitta til synlege vorter oppstår, kan det gå frå ein månad opp til fleire år. Dei fleste som er smitta får aldri synlege kondylom. Det er difor vanskeleg å finne ut når du vart smitta.

### Finst det testar for vortevirus?

Ja, men disse blir ikkje brukte til å stille diagnosen kondylom eller for å finne ut om ein er smitta med viruset. Diagnosen kondylom kan bare stillast dersom en har synlege utvekstar. Hos kvinner kan forandringar som skuldast infeksjon med HPV av og til påvisast i celleprøve frå livmorhalsen, i dei tilfella vil ein typebestemme viruset.

*Ikkje alle utvekstar i underlivet er vorter! Ein del utvekstar ved skjedeinngangen og på penis er helt normale.*

### Blir eg kvitt vortene og virusa?

Hjå dei aller fleste lagar kroppen over tid nok motstandsstoff til at ein klarer å kvitte seg med vortene og virusa. Dette kan ta frå ½ -2 år, hos einsskilde endå lenger tid. Ein kan få nye vorter så lenge viruset finst i kroppen.

### Finst det behandling?

Per i dag finst det ikkje nokon medisin som kan utrydde viruset. Det er viktig å vere klar over at det stort sett tek lang tid før vortene forsvinn uansett om du prøver behandling eller ikkje. Behandlinga vi kan tilby kan fjerne dei synlege kondyloma, men ikkje viruset.

Kva type behandling som er best for deg avheng av kor lenge du har hatt kjønnsvortene og kvar dei sit.

Det er du sjølv som bestemmer om du ynskjer å prøve behandling. Med behandling kan dei synlege forandringane forsvinne raskare. Etter tilsynelatande effektiv behandling kan vortene likevel dukke opp att så lenge kroppen ikkje har kvitta seg med viruset. Du kan få resept på liniment eller kremar som du kan pensle eller smørje på sjølv. Frysebehandling eller brenning med laser er andre behandlingalternativ.

*Uansett kva type behandling som blir brukt, kan vortene komme attende. Dette er ikkje teikn på at behandlinga ikkje har virka, det viser berre at viruset framleis er aktivt.*

### Korleis unngår eg å bli smitta eller å smitte andre?

Kondom brukt på rett måte vernar bra, men ikkje 100 % mot smitte. For å ha førebyggjande effekt må kondom nyttast under heile seksualakta. Du bør uansett alltid bruke kondom ved seksuell kontakt med ukjende eller tilfeldige partnerar. Dersom du eller din faste partner har kondylom og de har hatt samleie fleire gonger utan bruk av kondom, har de allereie smitta kvarandre. HPV kan også smitte ved munnsex og analsex. Men det er svært sjeldan nokon får kondylom i munnen.

HPV-vaksine har vist god førebyggjande effekt.

### Må eg seie ifrå til andre om at eg har kondylom?

Infeksjon med kondylomvirus blir ikkje omfatta av smittevernlova. Det er ikkje noko lovmessig pålegg om å informere ein ny partner eller tidlegare partnerar dersom du har, får eller har hatt kondylom. Du må sjølv bestemme kva du vil fortelje ein ny partner.

### Kor lenge er eg smittefarleg?

Når kroppen har kvitta seg med viruset, kan du ikkje lenger smitte andre. Dette tek vanlegvis ½-2 år, men kan også ta lenger tid. Viruset kan ligge i hudcellene ei god stund etter at dei synlege forandringane har forsvunne. Eit fåtal blir berarar av viruset og vil ha det i kroppen resten av livet.

### Bør kvinner som har kondylom ta celleprøve?

Synlege vorter i underlivet skuldast alltid såkalla "snille" virus. Det er ikkje sett nokon samanheng mellom det å ha synlege kjønnsvorter og kreftutvikling. Sjølv om du har eller har hatt kondylom, treng du ikkje å ta celleprøve før du er 25 år.

### Kondylom og graviditet:

Kondylom verkar ikkje inn på evna til å bli gravid. Under graviditet vil kondyloma ofte vekse, men minkar att og forsvinn ofte rett etter fødselen. Ingen av medisinane mot kondylom kan brukast under graviditet. Ein ventar difor med behandling til etter fødselen.

### Kan eg bli smitta fleire gonger med kondylomvirus?

Du kan bli smitta med ein annan type kondylomvirus dersom du får ny partner. Etter nokre år minkar mengda antistoff, og då går det an å bli smitta med same virustype på nytt. Hos nokre få ligg viruset lenge i kroppen og kan gje tilbakefall og vere smittsamt i mange år.

## Kan HPV-infeksjon førebyggjast?

Det finst vaksinar som vernar godt mot dei vanlegaste virustypene. Berre den eine vaksinetypen er førebyggjande for HPV 6 og 11. Men ein har i studiar sett at det er færre tilfelle av kondylom også hos dei som har fått den andre vaksinetypen. Alle jenter og gutar i Noreg får tilbod om gratis vaksine det året dei fyller 12 år. Andre som ynskjer å bli vaksinerte må betale for vaksinen sjølv. Vaksinane har vore i bruk i mange år, og det er ikkje sett alvorlege biverknader.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:  
Avdeling: Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga  
Telefon: 55 973962  
[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)